

Emnerapport for undervisning H 2018
NOFI 108 **Unormaliserte norrøne tekstar** (5 stp.)
Faglærer: professor Odd Einar Haugen

Emnet NOFI 108 går normalt over tre veker i byrjinga av semesteret med i alt seks dobbelttimar undervisning og tre dobbelttimar kollokvium. Det har mappevurdering, der studentane skal levere to bidrag, (1) normalisering av ein gammalnorsk tekst og (2) normalisering av ein gammalislandsk tekst. Begge skal ha kommentarar knytte til den utførte normaliseringa.

Det møtte fram tre studentar på dette kurset, to norske studentar på BA-programmet og ein utanlandsk student. Av omsyn til den utanlandske studenten vart undervisninga gjeven på engelsk. Dette skjedde etter avtale med dei to norske studentane. Det var noko frustrerande at den utanlandske studenten ikkje møtte fleire gonger enn at vedkomande så vidt fylte det obligatoriske kravet om 75 % frammøte, og gjennomgåande kom 10–15 minuttar for seint til kvar time. Det var under tvil at eg som faglærer godkjende frammøtet. I slike situasjonar er vi nok prega av at dersom ein student på Erasmus-utveksling ikkje får lov til å ta eksamen, kan vedkomande få vanskar på sitt heimeuniversitet. Det kan naturleg nok diskuteras om ein skal ta slike omsyn.

Ettersom det berre var tre studentar på kurset, tilbød vi ikkje nokon kollokvieleiar, men oppmoda dei tre til å bruke det oppsette rommet til kollokvering.

På grunn av reisefråvære vart kurset utvida til fire veker (21. august – 14. september), slik at det ikkje skulle bli nokon reduksjon i timetalet. Studentane fekk høve til å bruke rommet på dei tidspunkta då det ikkje var ordinær undervisning. På grunn av reisefråværet gav eg dessutan ein ekstra dobbeltime, slik at mi undervisning kom opp i 7 dobbelttimar.

I samsvar med studieplanen er eksamen ei mappevurdering. Til liks med tidlegare kurs vart det gjeve to tekstar, ein gammalnorsk og ein gammalislandsk. Begge var på 800–900 ord:

Mappeoppgåve 1: Ein gammalnorsk tekst

- (a) Normalisér denne teksten frå *Strengleikar* i handskriftet Upps DG 4–7 (ca. 1270).
- (b) Gje døme på norske trekk i teksten. Bruk linjenummer når du viser til døma.

Mappeoppgåve 2: Ein gammalisländsk tekst

- (a) Normalisér denne teksten frå *Snorra-Edda* i handskriftet Upps DG 11 (ca. 1300–1325).
- (b) Gje døme på islandske trekk i teksten. Bruk linjenummer når du viser til døma.

Til skilnad frå tidlegare kurs brukte vi mykje tid på at studentane normaliserte tekst på tavla, ein om gongen, og at dei andre kommenterte det dei meinte var feil. Dette fungerte godt, tykte eg.

Fil-mappa på Mitt UiB vart brukt aktivt på kurset. I denne la eg ut diverse materiale, hovudsakleg eigenutvikla (då unngår ein problemet med opphavsrett), m.a. diverse øvingsoppgåver med fasit, ekstra tekstar å arbeide med, råd om korleis ein kan påvise vokalharmoni, råd om inntasting av spesialteikn, m.m. Det er mogleg at eg la ut for mykje materiale her, men tanken var at dette kunne brukast til etterarbeid for studentane, i og med at kurset er så kort.

Mappeoppgåvene vart vurderte av faglærar og phd-stipendiat Nina Stensaker. Karakterfordelinga vart slik:

A: 0
B: 0
C: 2
D: 0
E: 1

Kandidaten som fekk E, hadde berre sendt inn ein mindre del av normaliseringa til islandsk (mappeoppgåve 2), og det var elles mange feil i den innleverte normaliseringa. Vi vurderte det slik at dersom den eine av dei to mappeoppgåvene hadde vore blank, måtte vi ha gjeve karakteren F. Som det var, kom vi til at karakteren E kunne forsvarast.

Det kom ikkje klager på sensuren.

Bergen, 3. desember 2018
Odd Einar Haugen